

# - Vekk med sitkagrana!



**REINSKA KYSTEN:** Frå venstre Ketil Hindenes, nestleiar i Naturforbundet i Nordhordland, styremedlem Arne Geir Aasheim, ordførar Per Lerøy, Haldis Dyrnes, leiar i Naturvernforbundet, Jan Nordbø, og Trond Ove Lerøy (ikkje på biletet) gjorde ein stor dugnadsinnsats for å rydda vekk den plagsame sitkagrana.



## Bosstømming i mai

Alle gjenvinningsstasjonar er stengde på raude dagar, dvs 1., 9., 17. og 20. mai. Laurdag 18. mai er alle gjenvinningsstasjonane opne kl. 09–15.

### Ekstrasekk

Dei som skulle hatt henting av **restavfall** på raude dagar i mai får i staden utlevert ein sekk ved henting av papiret veka før. Denne sekken kan setjast fram ved sidan av restavfallsdunken på neste tømning. Dei som har **papirhenting** på raude dagar kan bruka ein returplastsekk til å samla papir/papp og setja denne ved sidan av papirdunken ved neste henting. **NB!** Ikkje bland papir og plast.

Me minner om henterute for farleg avfall som køyrer 22.–28. mai. Sjå [www.ngir.no](http://www.ngir.no).

## AUSTRHEIM: Jobba dugnad for å fjerna sitkagrana.

Av Ella Sandra Dahl Berland

Med 10 000 kroner i støtte frå kommunen til utstyr, og samarbeid med grunneigarar, gjekk ordførar Per Lerøy, Haldis Dyrnes, Jan Nordbø, Ketil Hindenes, Arne Geir Aasheim og Trond Ove Lerøy laurdag inn for ein real dugnadsinnsats for å fjerna sitkagran på Lerøy i Austrheim.

- Me er veldig nøgde med at kommunen no tek initiativ. Og no som me i Austrheim har gått først til handling, håpar me at dette kan få dei andre kommunane til å følgja etter, seier dei.

Ryddeprosjektet byrja i fjor, og dei satsar på ein dugnadsdag i året, i tillegg til andre initiativ.

- Då me starta prosjektet, snakka me med grunneigarane, og dei aller fleste var velvillige i forhold til tiltaket, seier dei.

- Men det er ikkje alle som tenker på at det er naturlandskapet me ofrar om me ikkje gjer noko. Mange grunneigarar er skeptiske, men grana er svartelista.

### Få til samarbeid

Når ein tek til med å fjerna sitkagrana, er det lurast å byrja i strandsona først.

- Slik som her i Lerøyløypa,

som er mykje brukt, seier Jan Nordø.

Han fortel at han på øyane og holmane no kan sjå massevis av småspirar av grantypen.

- Dei klorar seg fast over alt!

Eit av forslaga som kjem fram, er at til dømes skular kan byrja å adoptera område og hjelpa med ryddinga.

- Det hadde vore utruleg kjekt å få til eit samarbeid med skular og Lyngheisenteret, seier dugnadsfolka.

### Ta trusselen på alvor

Dugnadsgjengen kan fortelja at Austevoll og Fitjar alt har teke sitkagran-trusselen på alvor, og gått til krig mot grana.

- Å klara dette krev samarbeid og handling. Forutan å saga ned tre, må me få dyr på beite og få i gang lyngbrenning, seier Per.

Lyngen er Noregs nasjonalblomst, og er i tillegg til å vera fin å sjå på, godt utmarksbeite.

- Lyngen er faktisk også habitatet til fleire fuglearter som elles ikkje ville vore her, seier Jan.

Han meiner me i tillegg til saging, pleie av lyngen og å beita ned, treng entreprenørar.

- Gjerne subsidiert av det offentlege, seier han.

### Hardføre

Sitkagrana byrjar å frøa seg etter berre fem år, og spreier seg fort. Ordføraren kan fortelja at han i sin tid var med på å planta tre med skulen.

- Ja, det hugsar me! stemmer dei andre i, og ler av ironien i at dei no må saga ned det som folk før har planta.

- Den veks seg utruleg tett, og røtene slepper ikkje til nokon andre planter, seier Ketil.

- Det er ikkje alltid mosen vil gro eingong. All jorda vert veldig sur, legg Per til.

Eit anna problem er at trea kan verta utruleg høge. Over sytti meter.

### Kjem ikkje for å sjå skog

- Det som er litt rart å tenkja på, er at det har teke 3000 år for kulturlandskapet langs kysten å utvikla seg, og at alt saman etter berre 20-30 år står i fare for å verta øydelagt på grunn av at me ikkje har halde grana i sjakk, seier Haldis.

- Sitkagrana er eit stort problem langs heile vestlandskysten. Dei trivst godt her, og om folk ikkje tek til handling i tide, kjem det til å påverka turismen som attåtæring. For folk reiser ikkje til norskekysten for å sjå på granskog. Men faktum er at mange turiststader no lir av ei enorm attgroing, seier Jan, og minner om sjølve visjonen til kommunen:

Opne landskap – ope sinn!